

MELDING / ORIENTERING 1997 OG 1998.

Laget har hatt liten aktivitet dei siste to åra. Leiaren tek på seg det meste av ansvaret for dette, men samtundes har interesse vore liten for folke-musikk i ein periode. Det går alltid i bylgjedalar.

Dei aktive har fått informasjon om alle tilboda som laget har fått og dei har delteke på kappleikar o.l.

Anne og Morten har dansa seg opp i klasse A og Mari har klatra høgt på premielista der ho har delteke. Gratulasjonar til dei.

Terje Kjær har meldt seg inn i laget og deltek i song på kappleikane.

Fylkesmeistarskapen i gamaldansmusikk var på Leikanger og frå laget deltok Harald Hesjevoll , som vann trekkspekklassa og vart nr. 2 på fele.

Elles så går medlemstalet vårt nedover, men det er ein trend andre stadar og. Pr. 31 / 12 -98 hadde me 46 medlemar.

Me hadde konsert saman med Folkeakademiet med multimusikaren Heidi Løvlund. Ho var ei sprudlande jente og det var tungt å ta i mot bodskapen om at ho gjekk bort på nyåret -99.

Elles så gjekk Johanna Ormberg bort i -98. Ho var ei av dei største kjeldene me hadde i Jostedalen og hadde fått S.og Fj. Folkemusikkklag sin folkemusikkpris for dette.

Mari Ormberg, Karin Gjerde, Else Marie Haugen og Anne Kristin Haugen deltok på seminaret som SFF og HFS skipa til på Voss, der ein tok føre seg springartradisjonane frå Nordfjord til Sørkjorden , både i spel og dans.

Marte Gjerde deltok på Mokurset .

Mari Ormberg og Karin Gjerde deltok på kurs i Sogndal med Egil Syversbråten. Sidan det har vore lite aktivitet i eige lag, så har deltakarane fått dekka det meste av kursavgiftene.

Laget støtta Landslaget sin jubileumsaksjon i TV- aksjonen hausten -98

Laget har bidrige med sin del på 17- maitilskipingane.

Laget har hatt utsending på S. og Fj. Folkemusikkklag sine årsmøte i 1997 med Harald Hesjevoll og i 1998 med Dagrun Hesjevoll. Dagrun Hesjevoll har delteke på årsmøta i LfS og kostnaden har vore delt med Fylkeslaget.

Hausten -98 laga me til swingkurs med Ove Brun frå Årdal som instruktør. Dette på oppfordring frå ungdomen og det møtte fram 36 stk.

Me lyste og ut eit nybyrjarkurs på fele og 9 jenter er byrja å spele. Dette er lovande og me vonar at dei finn folkemusikken så inspirerande at dei vil halde fram.

Hausten 1998 var det "Hamborgarseminar" i Førde i SFF og HFS sin regi. Leif Fåberg var hyra inn som instruktør og Lars og Sigrun Vigdal deltok. Det tradisjonelle julebordet på Gjerde har vore fulltegna og vellukka både i 97 og -98.